

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Nyttår/Jesu navnedag – 01. januar 2016

Preiketekst: Matt 18,19-20

Lesetekst I: Sal 72,17-19

Lesetekst II: Rom 10,8b-13

## Jesu namn

Nyttårsdag er åttande dagen etter jul og me markerer at dette er dagen Jesus vart omskoren og fekk namnet sitt. Forteljinga om dette kan me lesa i Luk 2,21.

Ved starten av eit nytt år er det godt å få ei påminning om Jesu namn og den krafta som ligg i dette namnet. I samband med jula har me høyrte orda frå Jes 7,14 om Immanuel – Gud med oss. I preika 1. nyttårsdag får me høve til å løfta fram at Jesus er midt iblant oss når me kjem saman i hans namn. Dette heng saman med løftet Jesus gjev i Matt 28,20 – «eg er med dykk alle dagar». Evangeliet til Matteus er tydeleg ramma inn av dette. Det går ei line frå Immanuel i Matt 1,23 til «eg er med dykk» i 28,20, og teksten denne sundagen er kopla på den lina.

### Bøn (v. 19)

Den grammatiske strukturen i vers 19 viser at det heng saman med det føregåande, verset om makta til å løysa og binda. Det gjer det naturleg å sjå desse versa saman, og då kan det og vera relevant å ta med seg den litt større samanhengen i kapittel 18.

I dette kapitlet bruker Jesus mykje tid på synd og tilgjeving. I likninga om sauene som gjekk seg vill (v. 10-14) er poenget å løfta fram Guds kjærleik og omsut. Han vil ikkje at nokon skal gå fortapt, men vil gå lange omvegar for å redde menneske.

Dette sinnelaget skal og prega læresveinane til Jesus, og Peter får høyra at han skal tilgje sytti gonger sju (v 22), og deretter fortel Jesus likninga om den hardhjarta tenaren.

Mellom desse to avsnitta – om Guds sinnelag som også læresveinane skal ha – kjem vår tekst. I vers 15-17 talar Jesus om korleis ein skal gå fram når ein bror har synda og må talast til rettes.

Dersom han held fast synda si, skal han bli støytt ut or kyrkjelyden. Og det er i denne samanhengen Jesus talar om makta til å binda og løysa.

Når me så i vers 19 les om å bli samde om å be om noko, er det naturleg å setja det inn i denne samanhengen. Det er eit løfte knytt til ein situasjon der ein bror har synda og gått seg vill, og det er knytt til retten til å løysa og binda. Eit viktig punkt i den samanhengen er at det er naudsynt med *semje*. Løysing og binding av syndarar er ikkje noko einmannsprosjekt. Det er eit ansvar gjeve til kyrkjelyden og noko ein gjer i fellesskap.

Når dette er sagt, er det og slik at dette løftet om bøn kan sjåast i eit større ljøs enn berre løysing og binding. Det står «kva det enn er». - No er ikkje dette det same som at Jesu namn skal gjerast til eit magisk ord ein ropar ut og slik kan gjera krav på all mogleg velstand – «name it and claim it». Nettopp det at bøna skal vera noko ein vert samd om, viser at dette ikkje er meint å vera ei individuell sak til eige beste.

### Nærvær (v. 20)

Det andre verset i denne teksten understreker Jesu nærvær blant dei truande. Der to eller tre er samla i hans namn, er han midt blant dei.

Dette løftet har røtter i jødisk tradisjon (Avot 3,2) som seier at «Dersom to sit saman og Lovas ord er hjå dei, då er Shekina (Guds nærvær) hjå dei, slik det står skrive».

### **Kva vil det seia å vera samla i Jesu namn?**

Det må iallfall handla om at han er den me er opptekne av. I gammaltestamentleg tradisjon er ofte namnet knytt tett til eigenskapar og karaktertrekk ved ein person. Så det å vera samla i Jesu namn handlar om at ein samlar seg kring bodskapet om Jesus, den han er og det han har gjort for oss. På den måten er dette først og fremst eit herleg løfte til Jesu kyrkje om at han er nær. Og det er ein god start på det nye året å minna om akkurat dette. Dette namnet skal leva til evig tid og skyta friske skot så lenge sola er til (Sal 72,17). Og dette er frelsarnamnet (Apg 4,12; Rom 8,13). I vår lutherske tradisjon seier me at Guds ord er eit nådemiddel. Det set nokre rammer for forkynninga vår. Så dette ordet om å samlast i Jesu namn kan og vera eit høve til å seia noko om kva det vil seia at han er Immanuel (= Gud med oss) og Jesus (= Herrens frelse). Samstundes kan dette også vera ei påminning om at det er mogleg å tru at ein samlast i Herrens namn, men berre gjer det ytre sett. Det gamle testamente har mange tekstar som kritiserer falsk gudsteneste.

### **Nærvær og Jesu person**

I samband med vers 20 er det og ei sak at Jesus her seier noko om seg sjølv som ein vanlegvis ville tenkja galdt Gud Fader. I tilhøyrarane sin jødiske tradisjon og i Det gamle testamentet er det Gud det handlar om når ein talar om nærvær. Det er Shekina som er nær. Shekina tyder dette guddommelege nærværet me til dømes les om i samband med innviinga av tabernaklet (2 Mos 40) og templet (2 Sam 8).

Her blir *Jesus* knytt til dette nærværet. På det teologiske fagspråket vil ein her tala om «høgkristologi» - altså eit døme på at Jesus blir sterkt identifisert med Gud. Jesus overtek ein funksjon me ut frå GT forbind med Gud. Dette lærer oss noko særst viktig om kyrkja. I den kristne kyrkja samlar ein seg i Jesu namn, og Meisteren sjølv har lova å vera til stades. Det gjeld også 1. nyttårsdag.

### **Knut Kåre Kirkholm**

Teolog og høgskolelektor ved Fjellhaug internasjonale Høgskole (NLM) og redaktør i magasinet Fast Grunn.

[kkirkholm@fjellhaug.no](mailto:kkirkholm@fjellhaug.no)